

Arnardo med 35 vogntog

15.08.2013

Når Cirkus Arnardo kjem til Uskedalen for 2 framsyningar 24. og 25. august skjer det med 35 vogntog, 90 personar og ein lysrigg på 180 000 watt.

Eit topp-punkt denne gongen er klovnen Davis Vassallo som vert omtalt som Chaplins arvtakar og som verkeleg opnar latterdørane, Og klovnetrioen Rivelinos sørger verkeleg for både musikk og kakefest. Nevnast bør og også Devid Tsytko som trass ung alder har vorte internasjonalt kjend med sine fartsfylte numre. Og under kuppelen utfaldar Duo Rebels seg med levande trapes

Arnardo er ikkje snau, han lovar både ei eventyrleg verd med latter, fryd, styrke, smidigheit og tempo. Framsyninga ber preg av Arild Arnardos erfaring som tradisjonsberar og visjonær cirkusdirektør.

Av Ola Matti Mathisen